



NVE

Dato: 26.10.2016  
Vår ref.: 2016/7151-4  
Saksbehandlar: gudmath  
Dykkar ref.:

## Søknad med konsekvensutgreiing for Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune. Dykkar ref. 201304021-26

Fylkesutvalet i Hordaland handsama saka på møte 20.10.2016. Protokoll og saksutgreiing er lagt ved..

Fylkesrådmannen si innstilling vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

Gudrun Mathisen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2016/7151-3

Saksbehandlar: Gudrun Mathisen, Tore Slinning, Elnaz Golshany

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling	127/16	12.10.2016
Fylkesutvalet	257/16	20.10.2016

**Søknad med konsekvensutgreiing for Løkjelsvatn kraftverk i Etne kommune. Fråsegn****Samandrag**

SKL vil rehabilitere kraftverka i Litledalen i Etne kommune. Løkjelsvatn kraftverk er ei oppgradering og utviding av Litledalen og Hardeland kraftverk, som SKL planlegg å redusere. Eksisterande reguleringar og fall skal nyttast. Løkjelsvatn kraftverk får ein installasjon på 60 MW og vil produsere 163 GWh, der 20 GWh er ny produksjon. Det skal produserast meir om vinteren enn i dag. SKL føreslår minstevassføring i Sørrelva heile året. Søknaden legg opp til 3,5 km med vassførande tunnelar og 250 000 m3 sprengstein fordelt på 3 deponiområde.

Kopling til eksisterande nett er søkt med kabel og det er ikkje søkt om nye vegar.

Fylkesutvalet har uttalt seg til melding om prosjektet. Etter meldingsfasen er prosjektet noko redusert, og SKL har tatt over frå Haugaland Kraft AS som tiltakshavar.

Hordaland fylkeskommune har særleg ansvar for kulturminne og som vassregionmyndigheit.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

## Saksprotokoll i Utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 12.10.2016

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.
2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørrelva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året. I anleggsfasen må ein etablera tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.10.2016

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkesutvalet er positiv til utbygging av Løkjelsvatn kraftverk. Utbygginga er i samsvar med mål om auka produksjon av regulerbar, fornybar energi.

2. Fylkesutvalet er nøgd med at det av omsyn til laksefisk vert ei formalisert minstevassføring i Sørelva på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året. I anleggsfasen må ein etablere tiltak som reduserer fare for tilførsel av finstoff og metall til elv og innsjø.
3. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn straks undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9 er oppfylt. Tiltakshavar er underretta om at planane må reviderast, eller eventuelt leggast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom heile eller delar av massedeponi og riggområde kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.
4. Hordaland fylkeskommune vurderer som vassregionmyndigheit at utbygging av Løkjelsvatnet kraftverk ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane ytterlegare enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruka vassforskrifta § 12 i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Sjå: <https://www.nve.no/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=7222&type=V-1>

Fylkesrådmannen, 21.09.2016

## 1. Saka gjeld

SKL vil rehabilitere kraftverka i Litledalen i Etne kommune. Løkjelsvatn kraftverk er eit nytt kraftverk som nyttar fallet mellom Løkjelsvatnet og Litledalsvatnet. Dei gamle kraftstasjonane Hardeland og Litladalen vert dels opprusta og får redusert kapasitet. Eksisterande reguleringar og fall vert nytta. Løkjelsvatn kraftverk får ein installasjon på 60 MW og vil produsere 163 GWh, der 20 GWh er ny produksjon. Det skal produserast meir om vinteren enn i dag. SKL føreslår minstevassføring i Sørrelva heile året. Søknaden legg opp til 3,5 km med vassførande tunnelar og 250 000 m<sup>3</sup> sprengstein fordelt på 3 deponiområde.

Kopling til eksisterande nett er søkt med kabel og det er ikkje søkt om nye vegar. NVE har sendt saka på høyring med frist 31.10.2016.

Fylkeskommunen har særleg ansvar for kulturminne og som vassregionmyndigheit.



Figur 1 Oversiktskart

### 1.1 Om framdriftsplan og søkjar

Utbygginga vert handsama i 3 fasar. I meldingsfasen i 2013 sendte NVE på høyring melding frå Haugaland Kraft AS om konsekvensutgreiing av auka produksjon ved kraftverka i Litledalen. NVE fastsette i juli 2014 konsekvensutgreiingsprogram.

I utgreiingsfasen gjennomførte tiltakshavar utgreiing av konsekvensane i samsvar med programmet.

Tiltaket er no i søknadsfasen. Tiltakshavar har sendt søknaden med konsekvensutgreiinga til Olje-og energidepartementet ved NVE for handsaming og ny høyringsrunde. NVE vil deretter utarbeide innstilling i saka og sende til OED. Endeleg avgjersle vert tatt av Kongen i statsråd.

Basert på førebels plan vil det vera mogleg å setja kraftverket i prøvedrift 01.07.2021, for å sikre at ein rekk fristen for å få elsertifikat.

SKL har med verknad frå 1.1.2016 overteke Haugaland Kraft Produksjon og erstattar frå same dato Haugaland Kraft AS som tiltakshavar. Prosjektet har endra namn frå Nye Etne til Løkjelsvatn Kraftverk.


## 1.2 Tidlegare handsaming i fylkesutvalet

Fylkesutvalet i Hordaland uttalte seg til melding i fase 1 den 30.01.2014. Vedtak i sak PS 16/2014 «Haugaland Kraft AS – Nye Etne - Auka produksjon ved kraftverka i Litledalen – Etne kommune»:

1. Søknaden skal som minstemål følgja mal frå NVE for småkraftverksøknader.
2. Oversiktskart som syner eksisterande kraftverk i området og område med særskilt vern skal vera del av søknaden.
3. Kart med innteikna kraftverk, inntaksdam, vassveg, tilkomstveggar, anleggsveggar, kraftliner, tipper og andre arealinngrep som er naudsynte for å gjennomføra utbygginga, skal vera del av søknaden.
4. Konesjonssøknaden må ha særleg grundig omtale av verneverdiar og verknader for desse.
5. I område der utbygging kan føra med seg skade på natur- og artstypar av stor verdi eller område med potensiale for slike, skal det kartleggjast. Den anadrome fiskebestanden i Etnevasstraget skal ha særleg høg prioritet.
6. Grundige vurderingar av konsekvensane for landskap og friluftsliv må vera ein del av søknaden.
7. Avbøtande tiltak i høve til fisk, landskap og friluftsliv skal vurderast. Om det ikkje kjem i konflikt med kulturminne, skal vassveggar, stasjonsbygningar og kraftliner som går ut av bruk, fjernast.
8. Konesjonssøknad skal innehalda fotoillustrasjon som viser nærverknad og fjernverknad av inngrep med varierende vassføring.
9. Som del av søknadsprosessen må fylkeskommunen som kulturminnestyresmakt kontaktast for oppfylging av undersøkingsplikta etter kulturminnelova. Felles synfaring og eventuelle pålegg om arkeologiske undersøkingar må vera oppfylte innan fylkeskommunen tar stilling til saka.
10. Som del av søknadsprosessen må planstatus i høve til kommuneplan avklarast.

## 2. Søknaden

Tiltaket er mindre i omfang og geografisk utstrekning enn det som vart meldt i fase 1. Det er gjort tilpassingar ved lokalisering av kraftstasjon og utlaup frå denne for ytterlegare å redusera inngrepa.



Figur 2. Kart over tiltaksområdet mellom Løkjelsvatn og Sørbygda



## 2.1 Områdeomtale

Etnevasstraget består av Nordelva og Sørrelva, som samlast i Etneelva 3 km oppstrøms utløpet i Etnefjorden. Nordelva er urørt av kraftutbygging. Sørrelva, med i underkant av 40% av avrenninga, er utbygd med reguleringar og kraftverk. Kraftverka har utløp i Litledalsvatnet på kote 70. Fallet nedstrøms vatnet vert ikkje nytta til kraftproduksjon. Hovudmagasina til kraftverka i Litledalen ligg i fjellområdet over kote 550, og gir ein reguleringsgrad på om lag 50%. Restfelta og den naturlege dempinga i Litledalsvatnet som ligg nedstrøms kraftverka, har ein utjamnande effekt på vassføringsendringane frå kraftverka.

## 2.2 Prosjektskildring

Regulering av Litledalsvasstraget er frå 1920-talet og omfattar kraftverka Litledalen (1920) og Hardeland (1950/1958) og fem reguleringsmagasin. SKL er pålagt å sleppa eit døgnmiddel på 1 m<sup>3</sup>/s ut i Litledalsvatnet i perioden 15.5 – 1.9. I 2003 inngjekk regulant og Sørrelva Elveeigarlag avtale om ei frivillig minstevassføring ved vassmerket på Rygg på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året.

Litledalvasstraget vart verna i 1993 og vart nasjonalt laksevasstrag i 2003. Det kan gjevast konsesjon til opprusting av eksisterande kraftverk i verna vassdrag og løyve til auke i slukeevne.

Løkjelsvatn kraftverk er ei oppgradering og utviding av dei gamle kraftverka, som har trong for ei omfattande rehabilitering. Prosjektet omfattar bygging av ein kraftstasjon i fjell med tilkomsttunnel, tverrslag, inntakstunnel, avløpstunnel med kanal og massedeponi for tunnelmassar. Prosjektet nyttar eksisterande inntak, tilkomstveggar og nett-tilknytting.

Ein ny produksjonsstreng vert etablert frå Løkjelsvatnet til Litledalsvatnet som erstatning for den noverande som går i røyr frå Løkjelsvatnet via Hardelandsvatnet til Litledalsvatnet. Vatnet som i dag blir produsert frå Løkjelsvatnet via Hardeland kraftverk til Hardelandsvatnet og vidare til Litledalsvatnet via Litledalen kraftverk, vil i staden verta nytta for produksjon i det nye Løkjelsvatn kraftverk direkte frå Løkjelsvatnet til Litledalsvatnet.

Slukeevna frå Løkjelsvatnet vert auka frå 8,4 m<sup>3</sup>/s til 12,3 m<sup>3</sup>/s, og produksjonen i Løkjelsvatn kraftverk er rekna til 163 GWh/år. Produksjonskapasiteten til Litledalsvatnet aukar frå 18 til 20,9 m<sup>3</sup>/s. Omlegginga fører til at store delar av tilsiget til Litledalen kraftverk vert redusert. Her vil det stå att eit aggregat på 9,3 MW med slukeevne 8,6 m<sup>3</sup>/s.

Som i dag vil feltet frå Hjornåsvatnet bli nytta gjennom Hardeland kraftverk, men aggregatet har stort rehabiliteringsbehov og vert erstatta av eit aggregat på 9,4 MW med slukeevne på 3,6 m<sup>3</sup>/s.

Prosjektet er kostnadsrekna til om lag 425 mill. kr., som gir ein utbyggingskostnad på 21,2 kr/kWh. Den høge relative utbyggingskostnaden skuldast at dette er eit opprustings- og utvidingsprosjekt av gamle og nedslitne kraftverk. Alternativet til tiltaket er ei omfattande og kostbar rehabilitering av eksisterande anlegg utan auka energiproduksjon.

Tiltaket omfattar følgjande inngrep:

- Etablering av ein 1,2 km lang tillaupstunnel/sjakt frå Løkjelsvatnet til Løkjelsvatn kraftverk, og ein om lag 2,7 km lang utløpstunnel vidare til Litledalsvatnet. I tillegg skal det etablerast ein 1,3 km lang tilkomsttunnel frå Hardeland kraftverk til Løkjelsvatn kraftverk.
- Tunnelmassane skal drivast ut gjennom påhogg ved Litledalsvatnet, Hardelandsvatnet samt tverrslag ved Skarstøl.
- Deponering av om lag 250 000 m<sup>3</sup> tippmassar fordelt på 3 massedeponi ved høvesvis avløpstunnelen ved Litledalsvatnet, tilkomsttunnelen ved Hardeland kraftverk og tverrslaget ved Skarstøl.
- Etablering av Løkjelsvatn kraftverk i ein fjellhall sør-aust for Hardeland kraftverk.

Forventa oppstart av anleggsarbeidet er sommaren 2018. Planlagd byggetid er tre år. For å gjennomføre tiltaket trengst ei bemanning på 50-60 personar i anleggstida.

### 3. Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

#### 3.1 Oppsummerande oversikt av konsekvensgrad

<i>Fagtema</i>	<i>Anleggsfasen</i>	<i>Driftsfasen</i>
Landskap	Middels negativ	Liten negativ
Naturmiljø på land	Liten negativ	Middels negativ
Akvatisk naturmiljø	Liten negativ	Liten negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Ubetydeleg – liten negativ	Ubetydeleg – liten negativ
Forureining	Middels negativ	Liten negativ
Naturressursar	Liten – middels negativ	Ubetydeleg
Næringsliv og sysselsetting	Middels positiv	Ubetydeleg
Tenestetilbod, kommunal økonomi	Liten positiv	Middels positiv
Friluftsliv, jakt og fiske	Ubetydeleg - liten negativ	Ubetydeleg
Reiseliv	Ubetydeleg – liten negativ	ubetydeleg

#### 3.2 Avbøtande tiltak

SKL føreslår at dagens krav og avtale om vasslepp vert erstatta med eit formalisert krav om at regulanten skal sikra ei vassføring i Sørrelva oppstraums utlaupet av Høylandselva, på 1,5 m<sup>3</sup>/s heile året.

Utlaupskanalen i Litledalsvatnet er flytta i høve til opplysningane i meldinga. Løkjelsvatnet og Litledalsvatnet kraftverk får felles utlaup, noko som sikrar at endringane i strøymingstilhøva i Litledalsvatnet vert eit minimum.

Tippene blir utforma og tilpassa terrenget i størst muleg grad og tilrettelagt for framvekst av lokal vegetasjon. Tippet ved Litledalsvatnet aukar eksisterande jordbruksareal. Tippene ved Hardeland og Skarstøl vert lagt i terreng og skal revegeterast. Ein bindande landskaps- og miljøplan vert utforma.

Bindande miljøoppfølgingsplan i anleggsperioden skal utarbeidast.

#### 3.3 Venta verknader etter fastsett konsekvensutgreiingsprogram

Størst samfunnsnytte er knytt til auka framskaffing av fornybar og regulerbar kraft. Auka regulerbar effektreserve bidreg til å styrka og stabilisera kraftsystemet. Vegen mellom Litledalsvatnet og Hardelandsvatnet må utbetrast og traséen vert tryggare for lokale og tilreisande som vil opp i fjellet.

Prosjektet vil positivt påverka sysselsetting og næringsliv, lokalt og regionalt, i anleggsperioden. Samla sett er miljøinngrepa vurdert som små for prosjektet. Størst negativ konsekvens i anleggsfasen er knytt til ringare landskapsoppleving grunna auka støy og ferdsel, samt fare for ureining og avrenning av finsediment frå boreaktivitet og tippområde. Negative konsekvensar i driftsfasen er knytt til kva val ein gjer med omsyn til massedeponi og tilhøyrande følgjer dette får på eksisterande naturmiljø lokalt.

#### 3.4 Andre samfunnsmessige fordelar

Opprustinga vil gje om lag 20 GWh ny fornybar og regulerbar kraft i eit allereie utbygd vassdrag. Kraftoppdekking vert betre regionalt og nasjonalt og forsyningstryggleiken i regionen vert betre.

Utbygginga gjer det naudsynt å utbetra delar av eksisterande veg mellom Litledalen og reguleringsmagasina. Det vil gjera vegen tryggare for både lokale og andre som skal opp på fjellet. Prosjektet vil gje samfunnsmessige ringverknader i form av auka skatteinntekt til kommune, fylke og stat.



Ved utbygging av Løkjelsvatn kraftverk er det venta at det vil vera behov for om lag 50-60 personar i ein byggeperiode på tre år. Ein kan også venta at bygginga vil gi konsumverknadar, ved kjøp av forbruksvarer og tenester lokalt.

## 4. Fylkesrådmannen si vurdering

### 4.1 Grunnlag for vurdering

Hordaland fylkeskommune gir fråsegn med bakgrunn i Klimaplan for Hordaland 2014-2030, Fylkesdelplan for Små vasskraftverk i Hordaland 2009-2021, Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021, som vassregionmynde og som mynde for kulturminne.

#### Klimaplanen

Mål for energi: Hordaland skal produsere og distribuere energi for å auke andelen og mangfaldet av fornybar energi.

Strategi B: Vere ein føregangsregion i produksjon og lagring av fornybar energi.

Strategi B5: Effektivisere og modernisere eksisterande vasskraftverk, t.d. via lite konfliktfylte O/U-prosjekt.

Strategi B6: Prioritere fornybar energiproduksjon kor lagring av energien er mogleg utan tap av naturmangfald.

#### Fylkesdelplan for små vasskraftverk

*R1 Hordaland er positiv til bygging av små vasskraftverk der omsyn til miljø og andre arealinteresser er ivareteke. Verdiskaping for samfunnet skal også vurderast.*

*R2 I verna område er verneføresegnene styrande for kva inngrep som vert akseptert. I verna vassdrag kan konsesjon for kraftverk opp til 1 MW og opprusting av eksisterande anlegg vurderast om tiltaket ikkje svekker verneverdiane i området.*

Sjå avsnitta under om landskap, naturmangfald og naturmiljø.

#### Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Sjå avsnitt under om vassforvaltning.

### 4.2 Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har eit særleg ansvar for å ivareta kulturminne.

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert endringane i planlagde tiltaksområde og hatt synfaring på staden. Delar av dei nye og utvida massedeponi- og riggområda har potensial for funn av hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne. Fylkeskonservatoren finn det difor naudsynt med arkeologisk registrering av desse områda. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn i saka. Registreringa vil avgjere om tiltaka kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne.

SKL er gjort merksam på at planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av det kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Kostnadsoverslag er godkjent av SKL og feltarbeidet vil skje i perioden 24.-28.10.2016.

### 4.3 Landskap

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk rekna fjellområdet som sårbart høgfjell av stor verdi.

#### Rammer for utbygging i sårbart høgfjell

*R4.1 I sårbart høg fjell av stor verdi skal ein vere restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konflikgraden.*

Det er gjort ei vurdering av i kva omfang dei ulike tiltaka visuelt påverkar landskapsområda. Massedeponi er eit tiltak med liten-middels negativ innverknad på landskapet.

Fylkesrådmannen meiner at massedeponi truleg vil vere den største negative konsekvensen av tiltaket. God utforming, tilpassing til eksisterande landskap og tilplanting med lokal vegetasjon er avgjerande for ei god løysing. Utforminga må skje i samsvar med krav til kulturminne, sjå avsnittet over.

#### 4.4 Friluftsliv og reiseliv

Utbygginga omfattar Midtre Etnefjell og Sørfjellet. Etnefjella er eit regionalt svært viktig utfartsområde. Det er lett tilgjengeleg og relativt snøsikkert. Den gode tilgjengelegeita skuldast i hovudsak anleggsvegar. Det vert køyrt opp løyper, der er fleire merka stiar og hytter. Området har stor verdi for friluftsliv. Tiltaket vil ha utbetydeleg konsekvensar for friluftsliv og reiseliv.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til vurderingane som gjeld friluftsliv og reiseliv.

#### 4.5 Naturmangfald, naturmiljø, akvatisk miljø

Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar i området.

Fylkesdelplanen for små vasskraftverk:

*R 6.1 I nasjonale laksevassdrag skal ein ikkje gje løyve til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden. Ein må visa varsemd ved bygging oppstrøms lakseførande strekning, og bygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen.*

*R 6.3 For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein ikkje gje løyve til vesentlege vassstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser, skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstrøms aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast.*

*R 6.4 Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.*

Sørelva er lakseførande strekning med stor verdi. Ovanfor Litledalsvatnet er det vandringsstopp for anadromt vassdrag.

Akvatisk naturmiljø er vurdert for heile influensområdet. Elvemusling er registrert i Sørelva og ål i nesten alle undersøkte lokalitetar langs Sørelva. Begge artar er raudlista. Laks og sjøaure er registrert med leve-, gyte- og oppvekstområde. Teljingar viser at gytebestandsmålet for laks vart oppnådd i perioden 2010-2015.

I anleggsfasen er det risiko for tilførsel av finstoff og metall til vatn. Med Litledalsvatnet som resipient vil negativ påverknad på Sørelva verte beskjeden. Det er forslag om å planleggje tiltak som reduserer faren for slik tilførsel som kan gje konsekvensar for ferskvassøkologien.

I driftsfasen er det venta marginale verknader for vassstemperatur og vasskvalitetstilhøve med det nye kraftverket. Fisk og næringsdyr kan bli påverka av endra køyremønster. Strandingsfare er størst om vinteren og berekna ved bruk av vasslinjemodellar. Konklusjonen er at det er lite truleg at Løkjelsvatnet kraftverk vil føra til auka strandingsfare samanlikna med dagens vinterkøyning.

Tiltakshavar har vurdert at det ikkje er behov for å installere omlaupsventil. Med tre kraftverk og to vassmagasin oppstrøms Litledalsvatnet vil jamn vassføring vil vere godt sikra i det anadrome strekket av vassdraget.

Fylkesrådmannen har ikkje merknader til vurderingane som gjeld tilhøva for fisk.

#### 4.6 Vassforskrifta

Hordaland fylkeskommune skal som vassregionmyndigheit sjå til at vassforskrifta vert følgt. Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 sett miljømål for vassførekomstane, jf. vassforskrifta §§ 4-6. Frist for å nå miljømåla er utgangen av 2021. Generelt mål er at alle vassførekomstar skal oppretthalde eller oppnå minst "god miljøtilstand" i tråd med nærare gitte kriteria. For enkelte "sterkt modifiserte vassførekomstar" (SMVF) kan ein ikkje nå det generelle målet utan at det går vesentleg ut over samfunnsnytta ved inngrepet. For desse vassførekomstane er miljømålet «godt potensial», som inneberer at målet er tilpassa inngrepet sitt samfunnsnyttige formål.

Alle sterkt modifiserte vassførekomstar får ny gjennomgang i neste planperiode 2021 – 2027.

Løkjelsvatn kraftverk høyrer til Sunnhordland vassområde. 5 av dei 7 vassførekomstane som prosjektet omfattar er SMVF - sterkt modifiserte vassførekomstar. Etneelva har SMVF-status på grunn av flaumverk. Løkjelsvatnet, Hardelandsvatnet, elva mellom dei og elva til Litledalsvatnet er i SMVF-kategorien av di dei er betydeleg fysisk endra på grunn av kraftproduksjon.

#### Vurdering etter vassforskrifta paragraf 12

Fylkeskommunen skal som vassregionmyndigheit ta stilling til om det aktuelle tiltaket bør vurderast etter vassforskrifta § 12. For at § 12 skal komme til bruk, må svekkinga<sup>3</sup> eller det forhold at miljømåla i §§ 4-6 ikkje vert nådd, skuldast nye inngrep eller aktivitet, jf. vassforskrifta § 12 første ledd.

Nye inngrep vil seie verksemd som fører til "nye endringar i dei fysiske eigenskapane til ein overflatevassførekomst", jf. vassforskrifta § 12 første ledd bokstav a. Det vil seie at verksemda endrar vassførekomsten sin fysiske tilstand og påverkar eigenskapar som til dømes vasstand, vassmengd, variasjon i vassføring og strøymingstilhøve.

I Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 er Litledalsvassdraget sett til «risiko» for ikkje å nå miljømålet om god miljøtilstand innan 2021. Vurderinga er mellom anna basert på påverknadene frå Hardeland kraftverk og Litledalen kraftverk. Dette påverkar også vassførekomstane Løkjelsvatnet og Hardelandsvatnet, som i dag står som SMVF.

Fylkeskommunen vurderer at det aktuelle tiltaket ikkje vil svekke tilstanden i vassførekomstane *ytterlegare* enn dagens situasjon og at det dimed ikkje er nødvendig å bruke § 12 i denne saka.

Fylkeskommunen vil streke under at alle praktisk gjennomførbare tiltak må setjast inn for å avgrense verksemda sin negative miljøpåverknad. Litledalsvassdraget er anadromt og i medhald av nasjonale føringar kategorisert som *øvste prioriteringsgruppe* (1.1), for realistisk å vurdere tiltak som kan gå ut over kraftproduksjonen (t.d. minstevassføring). Miljøforbetringar av vassførekomstane er vurdert opp mot nytteverdien av kraftanlegga., jf. 4.2.1 i tiltaksprogram for vassregion Hordaland.

## 5. Oppsummering og fylkesrådmannen si tilråding

Tiltaket er ei stor kraftutbygging i regionen med ein produksjonsauke på 20 GWh/år. Kostnadene er berekna til 425 MNOK. Prosjektet vil inngå i regulerbar kraftproduksjon med ulike nettalternativ. Etnevassdraget,

<sup>1</sup> Summen av økologisk- og kjemisk tilstand

<sup>2</sup> Overflatevassførekomstar har blitt betydeleg fysisk endra for å ivareta samfunnsnyttige formål

<sup>3</sup> Nedjustering av miljøtilstanden, som t.d. frå «god» tilstand til «moderat» tilstand

som tiltaket er ein del av, er verna. Det er også eit nasjonalt laksevasdrag som renn ute i ein nasjonal laksefjord.

Fylkesutvalet si fråsegn til meldinga er i stor grad teke omsyn til i konsekvensutgreiinga og konsesjonssøknaden.

Auka produksjon av fornybar energi og effektivisering av eksisterande kraftverk er i samsvar med måla i Klimaplan for Hordaland. Slik prosjektet er planlagt, vil det ikkje skapa nye konflikhtar eller vere til særleg skade for naturmangfaldet.

Konsekvensvurderingar og forslag til avbøtande tiltak tek omsyn til dei anadrome bestandane i vassdraget Etneelva-Sørelva-Litledalsvatnet. Det er framlegg til sikring av minstevassføring i Sørelva.

Av omsyn til landskapet må inngrep og massedeponi vera så skånsame som mogleg. Hordaland fylkeskommune vil komme med fråsegn om kulturminne straks undersøkingsplikta er oppfylt. Planane må reviderast, eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som dispensasjonsmynde, dersom det viser seg at tiltaket eller delar av det kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

Fylkeskommunen vurderer at det aktuelle tiltaket ikkje vil svekkje tilstanden i vassførekomstane *ytterlegare* enn dagens situasjon. Det er ikkje nødvendig å bruke vassforskrifta § 12 i saka.